

Vindafjord kommune

# **VEDLEGG: Intervju nøkkelpersonell**

Rekruttera og behalda

Oppdragsnr.: 52601122 Dokumentnr.: 2 Revisjon: 2 Dato: 2026-04-17



**VEDLEGG: Intervju nøkkelpersonell**

Rekruttera og behalda

Oppdragsnr.: 52601122 Dokumentnr.: 2 Revisjon: 2

**Oppdragsgjevar:** Vindafjord kommune  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Anne Sofie Sandvik  
**Rådgjevar:** Norconsult Norge AS  
**Oppdragsleiar:** Terje Gregersen  
**Fagansvarleg:** Turi Borgund  
**Andre nøkkelpersonar:** Åshild S Lussand

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
2	17.04.2026	Delrapport Intervju nøkkelpersonell	ASLU / TUBO	TEGR	TUBO

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## **Samandrag - Samla hovedfunn frå intervju med leiarar, tillitsvalde, studentar og elevar**

Gjennom intervjuja kjem det fram ei rad gjennomgåande tema som er avgjerande for val av lokasjon og for ei berekraftig og framtidretta drift av omsorgstenestene i Vindafjord. Hovudfunna kan oppsummerast i seks punkt:

### **1. Rekruttering er den mest kritiske utfordringa – og kollektivtilbodet er skiljelina**

Få bussavgangar til og frå Vats vert peikt på som ei direkte barriere for å rekruttere framtidens arbeidskraft. Særleg gjeld dette vikarar, elevar, studentar og nyttilsette som er avhengige av buss eller å kunne gå til jobb.

#### **Konsekvens:**

Ølen vert vurdert som ein meir berekraftig lokasjon for å sikre framtidig rekruttering og stabilitet i bemanninga – på tvers av grupper.

### **2. Begge lokasjonane er sårbare og samlokalisering i nytt bygg er nødvendig**

Både Ølen og Vats har i dag små og fragmenterte fagmiljø som er sårbare ved sjukdom, turnover og mangel på rett kompetanse. Spesielt kjøkkenet, dagsenteret og institusjonsdrifta har store utfordringar knytt til drift.

#### **Konklusjon frå alle grupper:**

Eit felles nybygg med samla drift er ein føresetnad for kvalitet, driftssikkerheit og robuste fagmiljø.

### **3. Innhald og funksjonalitet trumfar lokasjon og utsikt**

Leiarar, tillitsvalde og studentar uttrykkjer tydeleg at bygget sin funksjonalitet og utformingar er viktigare enn kvar det ligg.

Behov som går igjen:

- Eitt plan og korte avstandar
- Moderne velferdsteknologi
- Tilrettelegging for pasientar som er sjukare og har meir komplekse behov
- Trygge, skjerma og demensvenlege uteområde

Det er semje om at dagens bygg er driftskrevjande og ikkje tilpassa framtidens krav.

### **4. Ølen vert vurdert som beste lokasjon av omsyn til reiseveg, drift og pårørande**

Særleg elevar og studentar understrekar at Ølen er meir tilgjengeleg, både med tanke på kollektiv, reiseveg og kombinasjon av skule/arbeid. Pårørande trekkjer òg fram betre tilgjenge til tenester og kortare reiseveg.

#### **Samla vurdering:**

Ølen gir best heilskap for drift, brukarar, tilsette og framtidig rekruttering – sjølv om fagmiljøet i Vats i dag er sterkt.

### **5. Konkurransen om arbeidskrafta krev meir enn eit godt arbeidsmiljø**

Vindafjord konkurrerer med sterke industriverksemder og nærliggande kommunar om dei same «hovuda».

For å halde på og tiltrekke seg kompetanse må kommunen tilby:

- Fleksible turnusar (som langvakter)
- Moglegheiter for vidareutdanning
- Eit moderne og ergonomisk godt arbeidsmiljø
- Fagmiljø store nok til å vere attraktive for spesialsykepleiarar

Tilsette peikar på at ein risikerer å miste arbeidskraft dersom reisevegen vert lengre eller fasilitetane er foreldra.

### **6. Drifta i framtida krev eit moderne og heilskapleg omsorgssenter**

Det er semje på tvers av alle grupper om at eit nytt omsorgssenter må byggjast for:

- Sjukare pasientar
- Auka krav til tverrfagleg kompetanse
- Betre samhandling mellom heimeteneste, institusjon, dagsenter og kjøkken
- Teknologisk utvikling (velferdsteknologi, smarte bygg og digital samhandling)

Nytt bygg vert omtala som ein føresetnad, ikkje eit ønske.

### **Oppsummert**

Rekruttering og drift er ikkje lenger berekraftig med dagens struktur. For å sikre framtidig kapasitet, kvalitet og fagmiljø må kommunen samle tenestene i eit nytt, moderne bygg og alt peikar på at Ølen er den lokasjonen som best ivaretek både drift, rekruttering og tilgjenge.

## Innhald

<b>1</b>	<b>Intervju</b>	<b>5</b>
1.1	Samandrag frå intervju med leiarar	5
1.2	Sammendrag av intervju med tillitsvalde	7
1.3	Sammendrag av intervju med studenter og elever	9

# 1 Intervju

## 1.1 Samandrag frå intervju med leiarar

Intervjua omfattar leiarar frå fleire nivå og avdelingar: verksemdsleiarar for helsetun og heimetenester, avdelingsleiarar for somatikk, demensomsorg, korttid/rehabilitering og heimeteneste, samt fagleiarar for dagsenter og kjøkken.

### Del 1 – Rekruttering

- **Krevjande faggrupper:**  
Alle leiarane peikar på at sjukepleiarar er den mest krevjande gruppa å rekruttere. Dei siste åra har det òg blitt merkbar vanskelegare å få tak i helsefagarbeidarar. Kjøkkentenesta melder særleg store utfordringar med å rekruttere faglærte kokkar og vikarar.
- **Geografiske forskjellar:**  
Rekrutteringsutfordringane er store på begge lokasjonane, men det er brei semje om at Vats (Vindafjordtunet) er vanskelegast å rekruttere til særleg for vikarar, assistentar og studentar utan eigen bil. Ølen vert opplevd som meir tilgjengeleg på grunn av betre kollektivtilbod og nærleik til vidaregåande skule.
- **Turnus:**  
Arbeidstidsordningane betyr mykje for om folk faktisk vil jobbe her. Langvakter vert løfta fram som eit positivt tiltak både i heimetenesta og på institusjon. Samtidig er stillingar på natt og helgefrequens heilt avgjerande for kor mange som søker. Det kjem langt fleire søkjarar når ein jobbar kvar fjerde helg i staden for kvar tredje. Nyleg mista Ølen ein sjukepleiar nettopp fordi stillinga hadde krav om jobb kvar tredje helg.

### Del 2 – Behalde

- **Arbeidsmiljø:**  
Dette er den viktigaste årsaka til at folk vert verande over tid.
- **Kvifor folk sluttar:**  
Ubekvemme arbeidstider (turnus), småbarnsliv, ønskje om dagtid i andre sektorar (t.d. skule/barnehage), eller overgang til betre betalte jobbar i privat næringsliv, vert peikt på som dei vanlegaste årsakene.
- **Utvikling:**  
Moglegheit for fagleg utvikling, bruk av spesialkompetanse og det å kjenne seg sett og inkludert i avgjerder, er heilt avgjerande for å behalde kompetanse.

### Del 3 – Reiseveg og pendling

- **Kollektivtilbod:**  
Vert skildra som svært dårleg eller nærmast ikkje-eksisterande til Vats, noko som er ei stor barriere for rekruttering av unge, studentar og nye landsmenn. Ølen har langt betre bussforbindelsar.
- **Parkering:**  
Fungerer stort sett godt på begge lokasjonane.

#### **Del 4 – Lokalsamfunn og trivsel**

- **Plassering av nytt helsehus:**  
Eit fleirtal av leiarane meiner Ølen vil gi størst positiv effekt, sidan det er tett på kommunesenteret og ligg nært andre tenester (legevakt, apotek, butikkar). Ølen vert og vurdert som meir attraktivt for tilflyttarar og studentar.
- **Sårbarheit i Vats:**  
Fleire peikar på at demensomsorga i Vats er skjerma og god, men at avstanden til sentrumsfunksjonar er ei ulempe for bebuarar som har behov for meir stimulering og variasjon i kvardagen.
- **Risikovurdering:**  
Nokre leiarar åtvarar mot å legge demensomsorg midt i det travlaste sentrum av Ølen, på grunn av trafikkstøy og behovet for skjerming. Dei meiner at ingen av tomtene som hittil er foreslått er gode nok (vurdert utifrå dagens vegløysing).

#### **Del 5 – Samhandling med andre tenester**

- **Robustheit:**  
Ei samlokalisering på éin stad vil gi langt meir robust drift, særleg for små tenester som dagsenter og kjøkken, og styrke det faglege fellesskapet for sjukepleiarar og fagutdanna.
- **Nærleik:**  
Ølen har kortast veg til beredskapstenester (brann, ambulanse) og legevakt, nærheita til legevakt er særleg viktig for korttidsavdelinga.

#### **Avslutning**

Det vert understreka at det må byggjast eit heilt nytt bygg, på eitt plan, for å sikre verdigheit, moderne logistikk (velferdsteknologi) og effektiv drift.

## 1.2 Sammen drag av intervju a med tillitsvalde

Intervju a med dei to tillitsvalde teiknar eit samstemt bilete av situasjonen i omsorgstenestene i Vindafjord: Rekruttering er vanskeleg, arbeidsbelastninga er høg, og dagens bygg og organisering skaper både praktiske og faglege utfordringar. Dei tillitsvalde er tydelege på at framtidig kvalitet og stabilitet føreset at tenestene vert samla i eitt nytt og moderne omsorgssenter, helst plassert i Ølen.

### Rekruttering og bemanning

Begge intervju a understrekar at rekruttering til institusjonane er svært krevjande. Heimetenesta har langt lettare for å få søkjarar, medan sjukeheimane slit med låg pågang, for låg grunnbemanning og for mykje ansvar på enkeltpersonar, særleg for sjukepleiarar. Løn snivå, arbeidsbelastning og omdømme påverkar søkjarbiletet sterkt. Det kjem fram at Ølen tidlegare har hatt eit svakare omdømme enn Vats, men at dette no er delvis i endring.

### Arbeidsmiljø og belastning

Arbeidsmiljøet vert beskrive som heilt avgjerande for om tilsette vert verande. Dei tillitsvalde peikar på fleksible arbeidstidsordningar, støtte i kollegiet og ein god leiar som viktige faktorar for å behalde folk. Samtidig vert arbeidspresset opplevd som stort, særleg i Ølen, der rehabilitering, korttid og meir akuttpreg i drifta gir høgt tempo. Mange ufaglærte og for få fagstillingar gjer det krevjande å halde oppe kvalitet og trygge faglege vurderingar i kvardagen.

### Forskjellar mellom Ølen og Vats

- **Ølen:**  
Meir tilgjengeleg, nær kollektivtransport, vidaregåande skule og sentrumsfunksjonar. Høgare tempo og meir krevjande pasientgrupper. Bygget vert opplevd som trangt og lite moderne.
- **Vats:**  
Roligare pasientgrupper, betre romløysingar og sterk lokal dugnadsånd. Samtidig svært dårleg kollektivtilbod og meir avsides beliggenheit, noko som gjer rekruttering vanskeleg.

Begge understrekar at reiseveg og tilgjenge spelar ei heilt sentral rolle både for dagens tilsette og for framtidig rekruttering.

### Behovet for å samle av tenestene

Det er ei tydeleg og samla oppfatning av at kommunen treng eitt nytt, samla omsorgssenter. Å samle tenestene på ein stad vil gi ei langt betre utnytting av dei knappe fagressursane, samtidig som det styrkjer fagmiljøet og gjer drifta meir robust. Ei samling vil og forenkle vaktplanlegginga, særleg på natt, og bidra til ei meir jamn arbeidsbelastning mellom avdelingane. For bebuarane betyr dette betre kvalitet i tenestene, og for dei tilsette mindre risiko for utmatting og fråfall. I tillegg understrekar fleire at det vil vere svært krevjande og mest truleg uhaldbar, å drive over tid i bygg som er under ombygging.

Eit nytt omsorgssenter bør vere moderne og romsleg, godt tilrettelagt for framtidias demensomsorg og lagt opp slik at tverrfaglege fagteam kan fungere godt i kvardagen, ikkje minst sjukepleieteam.

### Plassering av nytt omsorgssenter

Det er ei tydeleg og samla oppfatning av at kommunen treng eitt nytt, samla omsorgssenter. Å samle tenestene på ein stad vil gi ei langt betre utnytting av dei knappe fagressursane, samtidig som det styrkjer fagmiljøet og gjer drifta meir robust. Ei samling vil og forenkle vaktplanlegginga, særleg på natt, og bidra til ei meir jamn arbeidsbelastning mellom avdelingane. For bebuarane betyr dette betre kvalitet i tenestene, og for

dei tilsette mindre risiko for utmatting og fråfall. I tillegg understrekar fleire at det vil vere svært krevjande og mest truleg uhaldbar å drive over tid i bygg som er under ombygging.

Eit nytt omsorgssenter bør vere moderne og romsleg, godt tilrettelagt for framtidens demensomsorg og lagt opp slik at tverrfaglege fagteam kan fungere godt i kvardagen, ikkje minst sjukepleieteam.

### **1.2.1 Oppsummering av hovudfunn frå tillitsvalde**

Rekrutteringssituasjonen vert beskriven som kritisk, særleg i institusjonane, der det er stor mangel på både sjukepleiarar og fagarbeidarar. Den høge arbeidsbelastninga forsterkar utfordringane ytterlegare, og mangel på kompetanse gjer det vanskeleg å sikre stabile og fagleg sterke tenester i kvardagen. Både Ølen og Vats har ulike driftsformer og ulike typar utfordringar, men felles for dei er at dei er sårbare og avhengige av eit sterkare, meir samla fagmiljø for å kunne møte framtidens behov.

På tvers av intervjuobjekta er det ei klar oppfatning av at tenestene må samlast i eitt nytt bygg for å sikre kvalitet, driftssikkerheit og robuste fagmiljø. Eit felles nybygg vert sett på som ein føresetnad for betre ressursutnytting, meir heilskapleg drift og større tryggleik for både tilsette og bebuarar. Når det gjeld lokalisering, vert Ølen vurdert som den klart beste plasseringa for eit nytt omsorgssenter — både med tanke på tilsette, bebuarar og framtidig rekruttering.

Det nye bygget må vere moderne og funksjonelt, med løysingar som er tilpassa pasientar som er sjukare enn tidlegare og som stiller høgare krav til kompetanse og samhandling. God logistikk, tilgjengelege fasilitetar og rom som støttar tverrfagleg samarbeid vert sett på som heilt avgjerande for framtidig drift.

## 1.3 Sammen drag av intervju a med studenter og elever

### Del 1 – Erfaringer i praksis

**Kor har du hatt praksis? (Ølen / Vats / begge)**

**Korleis opplevde du praksisen på stedet?**

**Var det utfordringar knytt til lokasjonen?**

Studentane og elevane som deltok i intervju a har alle hatt praksis i Vats, sjølv om nokre hadde tidlegare erfaring frå Ølen. Dei skildrar praksisen i Vats som svært god, trygg og lærerik, med gode kollegaer og eit sterkt fagmiljø som gjorde at dei trivdest godt i kvardagen. Arbeidsmiljøet vert trekt fram som ein nøkkelfaktor for opplevd kvalitet. Samtidig peikar dei fleste på at Vats ligg litt avsides. Det er få tilbud i nærleiken, ingen butikk og lite liv i området. Desse utfordringane handlar ikkje om det faglege som dei meiner fungerer godt men om dei praktiske rammene rundt.

### Del 2 – Reisevei og logistikk

**Kordan fungerte reisevegen? Var Ølen eller Vats best?**

**Opplevde du forskjellar mellom Ølen og Vats mht. reisetid, kollektivtilbod og parkering?**

Når det gjeld reiseveg og logistikk, var det felles for alle informantane at praksis i Vats kravde bil. For dei som budde i nærleiken var det uproblematisk, men for dei som bur lenger unna blei reisevegen meir krevjande. Ølen vert omtalt som langt meir tilgjengeleg for elevar og unge, både på grunn av betre kollektivtilbod og fordi ein kan gå mellom skule, sentrum og arbeidsplass. Vats har i praksis ikkje kollektivtrafikk, medan Ølen har eit betre bussystem og ligg nærare skule, butikkar og andre tenester. Parkering var uproblematisk begge stader, men studentane meinte likevel at Vats kan vere utfordrande for alle som ikkje har tilgang til bil.

### Del 3 – Fagmiljø og framtidig arbeidsplass

**Ka er viktig når du veljar framtidig arbeidssted?**

**Ville du vært mest tilbøyeleg til å søke jobb i Ølen eller Vats – og kvifor?**

I vurderinga av framtidig arbeidsplass er studentane samstemte om kva som betyr mest: god bemanning, eit fagleg sterkt miljø og tryggleik i kvardagen – spesielt det å vite at ein ikkje står åleine i krevjande situasjonar. Samstundes spelar lokasjon og reisetid ei stor rolle, i tillegg til praktiske omsyn som nærleik til barnehage, heimen og daglege rutinar. To av informantane ville valt Vats som arbeidsplass, rett og slett fordi det ligg nær heimen, og fordi dei trivdest godt med miljøet der. Ein tredje ville foretrukket Ølen, særleg dersom det kjem eit nytt omsorgssenter der, på grunn av betre tilgjenge, nærleik til skule og legevakt og eit større aktivitetstilbod. Felles for alle er at valet først og fremst handlar om kvardagslogistikk og reisetid.

### Del 4 – Lokalsamfunn og trivsel

**Kor viktig er nærleik til butikkar, aktivitetstilbod, sosialt miljø og kollektivtransport – og korleis møter Ølen og Vats desse behova?**

Når det gjeld lokalsamfunn og trivsel, vert Ølen vurdert som den klart sterkaste lokasjonen for ungdom og studentar. Her er det butikkar, treningssenter, sosialt liv, aktivitetstilbod og eit godt kollektivtilbod. Vats vert beskrive som roleg og naturpreget, noko som enkelte ser på som ein fordel, men for mange opplevast mangelen på tenester og kollektivløysingar som negativt. Fleire peikar òg på at det kan vere krevjande for pårørande å kome seg til Vats dersom dei ikkje har bil.

Avslutningsvis understrekar studentane at valet av framtidig jobb i stor grad avhenger av fagmiljø, bemanning og arbeidsmiljø. Men reisetid og tilgjenge spelar òg tungt inn. Lokasjonen har altså mykje å seie.

Ølen framstår som mest tilgjengeleg for dei fleste, medan Vats fungerer best for dei som bur i området og har bil. Nokre trekkjer fram at Vats gir ro og gode rammer for fagleg fordjuping, medan Ølen tilbyr betre tilgjenge og meir heilskaplege tenester.

### **Oppsummering av hovudfunn frå studentar og elevar**

Studentane og elevane som deltok i intervjuet, gir eit gjennomgåande positivt inntrykk av praksisen dei har hatt. Særleg trekkjer dei fram det sterke fagmiljøet i Vats, god støtte frå dei tilsette og eit arbeidsmiljø som opplevast både trygt og lærerikt. For mange har dette vore den viktigaste årsaka til at praksisperioden har fungert så godt.

Sjølve reisevegen viser seg likevel å vere ein avgjerande faktor. Vats er i praksis heilt avhengig av bil, og kollektivtilbodet er så godt som ikkje-eksisterande. Maskinelt sett fungerer parkeringa der svært godt, men det endrar ikkje at tilgjengelegeita er låg – spesielt for unge, elevar, studentar og pårørande. Ølen vert vurdert som langt meir tilgjengeleg, med betre kollektivtilbod, gangavstand til skule og fleire sentrumsfunksjonar. For dei fleste gjer dette kvardagslogistikken mykje enklare.

Fagmiljøet i Vats vert på si side omtalt som solid, stabilt og attraktivt, og mange peikar på at bemanninga og dei erfarne kollegaene har stor betydning for korleis ein trivst. For dei som bur nær Vats, vert også Vats det naturlege valet som framtidig arbeidsstad. Når ein løftar blikket og ser på rekruttering i eit breiare perspektiv, peikar informantane likevel på at Ølen vil vere meir tilgjengeleg for flest – både elevar, studentar, nye jobbsøkjjarar og pårørande. Vats fungerer aller best for lokalbefolkninga som bur i nærleiken og har bil, medan Ølen fungerer best når ein tenkjer breitt om rekruttering og tilgjenge.

Det kjem òg fram at lokalsamfunnet spelar ei rolle for trivsel. Ølen opplevast som meir levande, med fleire tenester, butikkar og aktivitetstilbod. Vats vert beskrive som roleg og naturskjønt, men manglar mykje av infrastrukturen som er viktig for ein kvardag med jobb, studiar og famieliv. Dette er positivt for nokre og negativt for andre, men det er semje om at mangelen på kollektivtilbod gjer Vats mindre eigna for dei fleste grupper.

Den overordna konklusjonen er derfor ganske klar: Fagmiljøet i Vats står sterkt og er attraktivt, men lokasjonen gjer rekruttering og tilgjengelegheit vanskeleg. Ølen vert vurdert som det mest tilgjengelege og heilskaplege alternativet, særleg med tanke på elevar, studentar, pårørande og framtidig rekruttering. I sum handlar lokasjonen først og fremst om reiseveg, tenester og kollektivtilbod – ikkje om kvaliteten på fagmiljøet.